

## **Val av medlemer og vara medlemer til generalforsamlinga i**

### **Sparebankstiftinga Hardanger**

**Etter vedtekten for Sparebankstiftinga Hardanger skal det i 2019 gjennomførast val av 4 medlemer og 11 vara medlemer til generalforsamlinga.**

**Vedtekten § 2-2 lyder slik:**

#### **§2-2 Val av generalforsamling**

Generalforsamlinga skal ha minimum 11 og inntil 19 medlemer og minimum 7 inntil 13 varamedlemer. Generalforsamlinga si samansetjing skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemd.

Innskytarane skal velja inntil 16 medlemer og 8 varamedlemer. Kvart år skal det haldast innskytarval, der ein fjerdedel av dei innskytarvalde medlemene av generalforsamlinga som har gjort teneste lengst, går ut. Ved første gongs val vert rulleringa avgjort ved loddtrekning om alle innskytarvalde medlemene har gjort teneste like lenge.

Medlemene skal veljast av og blant innskytarar som dei siste 6 månadene før kunngjeringa av valet, har hatt bustadadresse i kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik eller Voss og har hatt innskot i Sparebanken Vest med over eit bestemt beløp som vert fastsett av styret i stiftinga. Ingen innskytar kan gje meir enn ei stemme.

6 innskytarvalde medlemer og 4 varamedlemer skal vera busette i region Aust som omfattar kommunane Ullensvang, Eidfjord og Odda.

6 innskytarvalde medlemer og 4 varamedlemer skal vera busette i region Nord som omfattar kommunane Granvin, Ulvik og Voss.

4 innskytarvalde medlemer og 3 varamedlemer skal vera busette i region Vest som omfattar kommunane Jondal og Kvam.

Fylkesutvalet i Hordaland skal kvart fjerde år velje inntil 3 medlemer og 2 varamedlemer. Generalforsamlinga vel ein valkomité med 3 medlemer. Valkomiteen skal førebu vala, herunder ta omsyn til at samansetjinga av generalforsamlinga skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemd. Leiar av generalforsamlinga skal vere leiar av valkomiteen.

Valkomiteen innstiller kandidatar til styret og generalforsamlinga for kvart enkelt valområde. Vala skal organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjera i minst ei lokalavis seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret bestemmer. Valet kan gjennomførast ved brev, her under elektronisk post eller annan forsvarleg måte etter styret si nærmare avgjerd.

Generalforsamlinga vert vald for 4 år. Varamedlemer skal veljast for 1 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomførast innan utgangen av april månad. Attval kan finna stad.

Innskytarvalt medlem i generalforsamlinga kan ikkje ha dette vervet i lengre enn 12 år samanhengande og ikkje lengre enn 20 år samla.

Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Val av medlemer eller varamedlemer av generalforsamlinga skal skje innanfor den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga. Medlemer og varamedlemer av generalforsamlinga må ikkje ha styreverv eller vera tilsette i selskap som konkurrerer med Sparebanken Vest. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem varamedlemen inn i vedkomande sin stad. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.

Første ordinære val til generalforsamlinga vert gjennomført i samband med ordinær generalforsamling i 2013. Ved opprettิงa av stiftinga vil generalforsamlinga vere lik forstandarskapet i Sparebanken Hardanger, med unntak av dei tilsette sine representantar.

På generalforsamlinga den 4.april 2018 vart det vald slik valnemnd:

Magnar Lussand, Granvin, leiar  
Kjellaug Hoås Samland, Jondal, nestleiar  
Bente Eikås, Ullensvang, medlem

Magnar Lussand meldte hausten 2018 frå om at han p.g.a helseproblem ikkje kunne ivareta sitt verv. Kjellaug Hoås Samland har derfor fungert som leiar i hans stad.

Noverande medlemer til generalforsamlinga er:

**Innskytarvalde medlemer:**

Svein Jåstad 5777 Grimo	Per Røberg 5600 Norheimsund	Liv Hauso 5730 Ulvik
Synnøva Sollesnes Haustveit 5776 Nå	Kjellaug Holås Samland 5627 Jondal	Marit Hjeltnes 5730 Ulvik
Bente Eikås 5780 Kinsarvik	Marianne Eide 5627 Jondal	Hans Velken 5736 Granvin
Terje Bråvoll 5780 Kinsarvik	Anita Hesthamar 5620 Tørvikbygd	Magnar Lussand 5736 Granvin
Kari Vaberg Øydvin 5783 Eidfjord	Målfrid Hjeltnes 5730 Ulvik	Rolf Tore Djønne 5730 Ulvik
Anne Sofie Lutro 5778 Lofthus		

**Offentleg valde medlemer:**

Jostein Ljones Tangavegen 21 5620 Tørvikbygd	Iril Scau Johansen Ænesmoen 15 5710 Skulestadmoen	Bjørg Djukastein Bolstrandstrandi 155 5723 Bolstadøyri
--	---	--

**Innskytarvalde varamedlemer:**

Tomas Hesthamar 5778 Utne	Heidi Marie Medås 5736 Granvin	Jarle Tveiten 5700 Voss
Marit Gursli 5778 Lofthus	Bjørn Senderud 5700 Voss	David Inge Tveito 5736 Granvin
Torill Skedsmo Widding 5777 Grimo	Jon Steinar Skeie 5628 Herand	Knut Flatabø 5627 Jondal
Knut Opdal 5778 Lofthus	Olav Magnus Hammer 5626 Kysnesstrand	

**Offentleg valde varamedlemer:**

Dag Rune Mo Steinsdalsvegen 104 5600 Norheimsund	Stig Røkenes Aplabrotet 12 5730 Ulvik
--	---

**Av dei innskytarvalde er følgjande på val i 2019:**

Synnøva Sollesnes Haustveit, Grimo  
Svein Jåstad, Grimo  
Hans Velken, Granvin  
Kjellaug Hoås Samland, Herand

Varamedlemene vert valt for eit år slik at alle er på val.

Valet skal i følgje vedtekten skje regionsvist fordelt slik:

**Region Aust:** Ullensvang, Eidfjord og Odda. Det skal i år veljast 2 medlemer og 4 varamedlemer.

**Region Nord:** Granvin, Ulvik og Voss. Det skal i år veljast 1 medlem og 4 varamedlemer.

**Region Vest:** Kvam og Jondal. Det skal i år veljast 1 medlem og 3 varamedlemer.

Valnemnda innstiller på dobbelt så mange medlemer/varamedlemer som det skal veljast. Valnemnda si innstilling:

**Region aust:**

Synnøva Sollesnes Haustveit, Grimo, attval	Tomas Hesthamar, Utne
Svein Jåstad, Grimo, attval	Arild Riber, Eidfjord
Knut Opedal, Lofthus	Asle Lægreid, Odda
Eldbjørg Furholt, Odda	Arne O. Bu, Eidfjord
Torill Skedsmo Widding, Grimo	Kari Opedal, Lofthus
Guro Grønsnes Opedal, Lofthus	Kåre Grønsnes, Nå

**Region Nord:**

Hans Velken, Granvin, attval	Johanna H. Lillegraven, Granvin
Bjørn Senderud, Voss	Rigmor Onarheim, Voss
David Inge Tveito, Granvin	Alf Nesheim, Granvin
Jarle Tveiten, Voss	Arild Een, Voss
Heidi Marie Medås, Granvin	
Olav Ohnstad, Voss	

**Region Vest:**

Kjellaug Hoås Samland, Herand, attval	Olav Magnus Hammer, Kysnesstrand
Hallgeir Aase, Strandebarm	Elin Vassnes, Øystese
Jon Steinar Skeie, Herand	Knut Flatabø, Jondal
Anne Engedal, Norheimsund	Oddmund Moen, Jondal

**Reglar for valet:**

Stemmerett har dei som er busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik eller Voss og som i dei siste 6 mnd. har hatt innskot i Sparebanken Vest på minst kr. 500,00. Berre myndige personar kan stemme ved valet.

Vedlagte røystsetlar skal nyttast. Røysteføre nyttar røystesetelen for sin region og kan berre røysta på kandidatar innanfor sin region.

Røystesedelen skal sendast pr. brev til Sparebankstiftinga Hardanger v/Valnemnda, adr. Postboks 43, 5782 Kinsarvik.

Brevet må vera poststempla seinast den 06.02.2019. Røystesetlar som ikkje er mottekne innan 3 dagar etter fristen vert forkasta.

Valnemnda skal kontrollera identiteten til den som røystar.

Dersom den som røystar vil at hans stemme skal vera hemeleg må stemmesetelen utan påført namn leggjast i ein lukka konvolutt som vert lagt inni ein annan konvolutt der det i brev går fram namn og adresse for den som røyster.

Den/dei som får flest stemmer blir vald. Som vara medlem blir den vald som deretter får flest stemmer o.s.v. Ved likt tal stemmer vert valet avgjort av rekkefolgja på vallista.

Etter vedtekten skal Hordaland Fylkesutval velja nye representantar kvar 4 år. Slikt val vart gjort i 2016.

Kjellaug Hoås Samland

Leiar i valnemnda